

Status for fisket og fiskebestanden i Bøvre

Notat basert på intervju med Odd Repp, fjelloppsyn Leir- og Bøverdalen statsallmenning sidan 1986, og Odd Erik Aukrust, som driv firmaet Lom Fiskeguiding, og som har drive med sportsfiske i Bøvre sidan 1986.

Viktige fiskestrekningar i Bøvre:

- Frå Flåklypa opp mot Brekkøye/ Medalen
- Ved Gaupar, opp til samløp med Visa, og vidare frå Hoft oppstraums til Sprangsbrue
- Ein kortare strekning oppstraums brua over til Galdegrenda (ved Galdesand)
- Ein kortare strekning ved Horten (oppstraums Gadden)
- Øvre del av Bøvre oppstraums Brustuen

Viktige gyte- og oppvekstområde:

Dalsvatnet og elvestrekninga vidare oppstraums mot Ulvåt, eit stykke nedanfor samløp med Høya, er det klart viktigaste rekrutterings- og oppvekstområdet for fiskebestanden i Bøvre. Også strekningen frå Brurusten og opp til Dalsvatnet, har gode gyte- og oppvekstområde.

Det har også strekningar lenger opp i vassdraget – Høyvatnet/ Høya, og Bøvre oppstraums Bøvertonvatnet. Men desse strekningane har neppe vesentleg betydning for rekrutteringa lenger nede i vassdraget, fossar og stryk gjer at det blir lite utveksling av fisk nedover elva.

Vidare er enkelte mindre sidebekkar viktige, spesielt nedre del av Sula er viktig gytebekk, sjølv om denne strekninga vart kanalisert på slutten av 1970-talet. Andre sidebekkar kan også ha betydning, som bekk ved Brekkøye og nedre del av Glåma (ved Glømsdal). Bekk ved Mundgjel var viktig tidlegare, men ikkje etter at den vart kanalisert på 1980-talet.

Konklusjon: Hovedløpet av Bøvre nedstraums samløpet med Leira (ved Leirimo) har liten betydning som gyte- og rekrutteringsområde for aurebestanden i Bøvre, det same gjeld Leira sitt hovedløp oppstraums Leirimo. Årsaka er svært stor massetransport/ transport av suspenderte bresediment i Leira, Visa og vidare nedover Bøvre sitt hovedløp til samløp med Otta.

Frå NVE-rapport 89/2016, Gudbrandsdalslågen - sedimentkilder og sedimenttransport:

"I Bøvra ved Fossberget ble det foretatt prøvetaking av suspensjonstransporten i perioden 28. april – 27 august 1970. Resultatene fra denne måleserien viste en transport på 60 000 tonn. På grunnlag av dette ble det estimert en årstransport på 75 000 tonn (Karlsen og Stene, 1978). I løpet av to måneder sommeren 1984 (17.juni - 18.august) ble det målt 19 000 tonn i Bøvra ved Lom. Året etter var transporten fra Bøvra i løpet av ca fire måneder (14.mai - 4.september) om lag 133 000 tonn (Skarbøvik, 1987)."

Det går fram av rapporten at det er Leira og Visa som er hovudkjelder for massetransporten.

Masseuttak i Bøvre, moglege verknad på gyte- og oppveksttilhøva:

Større masseuttak i Bøvre har foregått sidan 1970-talet. Dei masseuttaksområda som i praksis kan påverke gyte- og rekrutteringsområda i Bøvre er dei to uttaksområda oppstraums samløpet med Leira, dvs. Prestsetre (M101) og Kvandalsvoll (M102).

Uttaka er små, det er ofte fleire år mellom kvart masseuttak. Det er likevel viktig at masseuttak i desse to områda skjer på den tida som det til minst skade for rogn og yngel.

Begge masseuttaka har reguleringsplan der det er vilkår om at uttaka skal skje når det er liten vassføring, og berre i første halvdel av juni eller siste halvdel av august. Det er viktig at desse vilkåra blir etterlevd og fulgt opp. Gyting startar ikkje før i månadsskiftet september-oktober, ein kan derfor vurdere forlenging av uttaksperioden på hausten. Uttak på våren/ forsommaren kan vere vanskeleg å få gjennomført på låg vasstand.

Aukrust og Repp har ei klar oppfatning av at flaumsikring og kanalisering av Bøvre med sidebekkar, gjennomført på 1970-80 talet, har ført til ein vesentleg reduksjon i gyte- og oppvekstområde i vassdraget. Men det er likevel lite som tyder på at rekruttering er ein minimumsfaktor for aurebestanden i Bøvre.



Uttaks-
område
M101
Prestsætre
Ortofoto
2017.



M102
Kvandals-
voll.
Uttaksom-
rådet ca
midt i
bildet.
Ortofoto
2017.

Masseuttak i Finna, mogleg verknad på gyte- og oppveksttilhøva for aurebestanden i vassdraget.

Det regulerte masseuttak i Finna (reguleringsplan for Lauva, godkjent 12.03.1998) ligg ca 750 m nedstraums Lauva sitt utløp i Finna. Frå Lauva sitt utløp er det om lag 7,5 km opp til Finna sitt samløp med Råkååe ved Vangen, og vidare vel 4 km opp til Finna sitt utløp frå Honnsjøen. Sett på bakgrunn av botnsubstrat og elveløp/ elvebotn er det sannsynleg at det er desse øvre delene av Finna sitt løp som utgjer dei klart beste gyteområda i vassdraget.

Frå uttaksområdet er det ca 8 km elvestrekning nedstraums til starten på Finngjelet. Mesteparten av denne elvestrekninga har sterkt meandrerande elveløp med sandbotn.

Reguleringsplanen for uttaket set vilkår berre kan skje i periodane 01.-15. juni og 15.-31. august. Vidare er det sett vilkår om nedre uttaksnivå (kote 781,5 moh), og for avslutning av uttaka mot elvebreidd og mot avgrensinga av uttaksområdet.

Veglaget Finndalsvegen opplyser at det har vore teke ut masse ifrå uttaksområdet i gjennomsnitt annakvart år, og at uttaket normalt har pågått over 2-4 dagar. Vanleg uttaksmengde har vore inntil 500 m³ elvegrus, med unntak av enkeltår med hovedvedlikehald av veganlegget, da det har vore teke ut noko meir masse.

Kommunen si vurdering er at uttak over så korte tidsperiodar som det her er snakk om vil ha svært liten verknad på rekrutteringa for aurebestanden i vassdraget, forutsatt at dei skjer innanfor dei tidsrom som reguleringsplanen set vilkår om. I tillegg kjem at dei viktige gyte- og oppvekstområda i Finnassdraget ligg oppstraums uttaksområdet.



Foto av regulert masseuttaksområde i Finna 02.06.2022.

Sander Sælthun, plan- og miljøvernrådgjevar